



OSTERØY INDUSTRILAG

v / Industrikonserntent på Osterøy
5282 Lonevåg

Mobil 416 28 531

Telefon 56 19 22 70

e-post: lars.mjos@osteroyindustriag.no
www.osteroyindustriag.no

REFERAT FRÅ ÅRSMØTET

onsdag 20.4.2016 kl 18.30

hjá Lerøy Fossen AS på Valestrand

Toppleiinga i kommunen og formannskapet er invitert (t.o.m. matpausen).

Til saman 27 personar møtte, av desse ordførar, rådmann, plansjef og fleire frå formannskapet.

Me fekk flott orientering/omvising og eit veldig interessant foredrag.

Program



* Orientering om og omvising på **Lerøy Fossen AS** ved Ragnar Eikeland.

Lerøy Fossen AS er den medlemsbedrifta som har flest tilsette; 150. (Illustrasjonsbilete lånt frå sysla.no)



* **Fredrik Barth i Asplan Viak** orienterer om utgreiinga "**Bergensbaneregionen**" og innleier til diskusjon. (Illustrasjonsbilete frå utgreiinga).

* **Matpause. Lerøy Fossen AS** serverer buffet med egne produkt.

Fredrik Barth leia utviklingsarbeidet som førte fram til rapporten: "**Bergensbaneregionen**". Dette er ein moglegheitsstudie for Voss og Vaksdal kommunar i samband med bygging av ny jernbane og ny E16 Arna - Voss. Nokre av moglegheitene er knytte til dei store mengdene med stein.

Me har oppmoda om å vinkle presentasjonen også litt mot Osterøy. Det er vel ein god del tunnelmassar som skal takast ut ikkje så langt frå Osterøybrua? Og me har skreve til ham: Men de treng ikkje berre å knytte tankane til steinmassar; korleis de tenkjer er interessant også meir generelt.

*** Årsmøtet:** 17 personar møtte

1 Godkjenning av innkallinga; *godkjend*. Val av møteleiar; *formannen*. Val av skrivar; *sekretæren*. Val av 2 medlemmer til å underteikne møteprotokollen; *Eivind Mosevoll og Trude Jacobsen*.

2 **Årsmelding og rekneskap** Sjå årsmelding og rekneskap i vedlegg. **Vedtak:** *Godkjende*.

3 Fastsetjing av **medlemspengane**. Fastsetjing av **godtgjersle for styre og sekretær**. **Styret gjer framlegg om å ikkje endre medlemspengane**. **Vedtak;** *ingen endringar*.

1 tilsett	800 kr/år
2-4 tilsette	1.150 kr/år
5-9 tilsette	1.600 kr/år
10-14 tilsette	1.950 kr/år
15-30 tilsette	2.850 kr/år
31 og fleire tilsette	4.000 kr/år
Tillegg for personlege medlemmer utover leiaren: 400 kr/år	
Årleg godtgjersle til formannen; kr 5.000.	
Det vert ikkje betalt godtgjersle til andre i styret.	
Godtgjersle til revisor: kr 1.000.	
Årleg godtgjersle for sekretærarbeidet; kr 40.000.	

4 **Budsjett**. Sjå vedlagde oppstilling saman med rekneskapstala. **Vedtak:** *Godkjend*.

5 Eventuelle **innkomne saker**. *Ingen saker*.

6 Val.

Valnemnda hadde meldt forfall. Kjell Lerøy tok på seg å leie valet. Rolf Hagebø orienterte om at han og Johan Solberg har stilt sine plassar til disposisjon for å gje plass til yngre.

Styret:

Leiar Lars Magne Bysheim, på val *Attval*
Eimund Øvsthus, på val *Attval*
Jørund Vevle, på val *Attval*
Kjell Lerøy, ikkje på val
Ivar Solberg, ikkje på val

Varamedlemmer:

Johan Solberg, på val *Ny; Jørn Jacobsen*
Rolf Hagebø, på val *Ny; Eivind Mosevoll*
Eileen Aasheim, på val *Ny; Øyvind R Tepstad*

Turnemnd: Johan Solberg og Rolf Hagebø, begge på val *Attval*

Styringsutvalet for Industrikonsulentent:

Sigbjørn Reigstad med Vivian Jacobsen som personleg varamedlem, på val *Attval av Sigbjørn Reigstad med Ragnar Eikeland som ny vara*.

Arne Hansen med Stig Eknes som personleg varamedlem, ikkje på val
Ordføraren i Osterøy; Jarle Skeidsvoll

Revisor. Norodd Helle, på val. *Attval*

Valnemnd, alle på val: Arnbjørn Vevle og Asle Nilssen *Attval*

7 **Årsmelding for Industrikonsulentent** (meldingssak). Kort orientering i møtet. *Lars Mjøs takka for god hjelp og støtte og for at han får halde fram i jobben sjølv om han grunna kronisk sjukdom ikkje kan yte meir enn ca 50%. Formannen takk Lars Mjøs for godt utført arbeid.*

Etter årsmøtet kan andre meldingar og andre saker takast opp. *Vert ikkje referert her.*